

Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 06.04.05:

Plan- og miljøutvalet ser positivt på ei utbygging i planområdet, men ein ynskjer å redusere tal bueiningar. Difor ynskjer ein å ta ut dei planlagte bueingane på nedsida av vegen.

Vidare bed ein om at fylkesvegen frå feltet fram til skulen vert teke med i reguleringsplanen. Dette for å sikra ein trygg skuleveg. Strekninga vert å vurdera i samband med rullering av trafikkplan 2005.

Skogsveg og tilkomst til skogsområdet på oppsida av vegen må sikrast.

Vidare må steingardar innan planområdet bevarast så langt det let seg gjøre.

Syner elles til rådmannen sine vilkår.

Fylkesmannen, miljøvernavdelinga har i brev motteke 25.01.07 peika på nokre punkt i planframlegget som dei ønskjer vert retta opp.

Med tanke på faktisk utbyggingspress meiner Fylkesmannen at det ville vere tilrådeleg at arealet aust for vegen vert inkludert i planområdet som friområde eller spesialområde/friluftsområde.

Til føresegogene for naust ber Fylkesmannen om at det vert sett krav til tillate bruksareal (T-BRA) jf. strandsonerettleiaren sine anbefalingar på maksimalt 40m² og 1 etasje.

Fylkesmannen viser til at strandsonerettleiaren seier følgjande om utforming av naust:

- Naustet skal ha saltak med ein takvinkel på mellom 35 og 45 grader.
- Altan /utkraging er ikkje tilleite